



STAD LANDSKAP

c/o Hans Christian Hansen Kirkeveien  
6750 STADLANDET

Vår dato: 15.09.2021

Vår ref.: 201704187-197

Arkiv: 517

Dykkar dato: 09.03.2021

Dykkar ref.: Thomas Honningsvåg

Sakshandsamar:

Randi Holme

## Svar på spørsmål om å trekke tilbake konsesjon – Okla vindkraftverk

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til e-post datert 09.03.2021 fra Stad Landskap, e-post fra Statsforvaltaren i Vestland datert 23.03.2021 og til Knut Rydgren med fleire si uttale til arbeida ved Okla vindkraftverk datert 05.03.2021. I e-postane ber de NVE undersøkje om konsesjonæren tek ut massar langs anleggsvegen i strid med godkjenningar frå NVE. I e-posten frå Stad Landskap og Rydgren med fleire ber de NVE vurdere om det er grunnlag for at konsesjonen fell bort eller vert trekt tilbake. Rydgren med fleire meiner også at området bør vernast og at omsynet til myr ikkje er godt nok utgreidd eller teke omsyn til.

For tida mottek NVE ei rekkje spørsmål om vindkraft. NVE har prioritert handsaming av klagar og kontroll med at anlegget vert bygd i tråd med løyve. Med bakgrunn i dette har ikkje NVE handsama oppmodinga tidlegare.

### Bakgrunn

NVE meddelte konsesjon og ga løyve til ekspropriasjon til Okla vindkraftverk 17.12.2013. Olje- og energidepartementet (OED) stadfesta NVE sitt vedtak 12.06.2015.

NVE godkjende detaljplan og miljø- transport- og anleggsplan (MTA) i vedtak datert 16.11.2017 på vilkår. Vedtaket vart ikkje klaga på. NVE mottok søknad om endringar 16.04.2019, som omfatta redusert tal på turbinar frå seks til fem, ny turbintype, der høgda er endra til 148,5 meter for alle fem vindturbinane, og redusert kjeldestøy. I tillegg er turbinposisjonane justert og den interne vegtraseen justert og noko redusert. NVE godkjende endringane i vedtak datert 24.06.2019. Vedtaket vart klaga på, og OED stadfesta vedtaket i vedtak datert 24.03.2020.

OED har gjennomført ein konsesjonsrettsleg gjennomgang av energilovgjevinga og forvaltningslova for Okla vindkraftverk i brev datert 07.10.2020. Departementet konkluderte med at det ikkje ligg føre feil eller manglar ved vedtaka som kan føre til at dei er ugyldige. Departementet meinte difor at det ikkje er grunnlag for å stoppe utbygginga av Okla vindkraftverk.

### Spørsmål frå Stad Landskap og Statsforvaltaren i Vestland

Stad Landskap reiser spørsmål om ulovleg uttak av massar og skriv mellom anna i e-posten datert 09.03.2021:

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthuns gate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen, 1B  
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



«Vi ber NVE undersøke om dei allereie har henta masse frå det omsøkte området, då innrepet no ikkje synest å likne godkjent 40m korridor for tilkomstveg og tverrprofil i MTA gjennom områder opprinneleg sett til LNF-område».

Statsforvaltaren ber òg om at NVE ser nærmare på om det er fjerna massar i strid med godkjenningar i saka.

Vidare ber Stad Landskap NVE vurdere å trekke tilbake konsesjonen:

«*Stad Landskap ber om at NVE ser realistisk på framdrifta, som er basert på søknadar om dispensasjonar frå arealplan og endringar i MTA, og anerkjenner grunnlag for bortfall- eller tilbaketrekkning av konsesjon grunna vilkår i konsesjon, anleggskonsesjon, MTA og detaljplan.*

### **Spørsmål frå Rydgren med fleire**

Rydgren med fleire har gitt fråsegn til søknad om planendring for å ta ut masse langs tilkomstvegen i e-post datert 05.03.2021. Søknaden om planendring er trekt. Rydgren skriv og at «*konsesjonen bør trekkes tilbake og utbyggingen stoppes*». Vidare meiner han at området bør vernast og at omsynet til myr ikkje er godt nok utgreidd og teke omsyn til.

### **NVE si vurdering**

#### **Spørsmål om uttak av massar**

NVE sin planlagde inspeksjon på anlegget 24.03.2021 vart utsett på grunn av koronasituasjonen. Det vart gjennomført inspeksjon 14.04.2021. Hovudfokus for inspeksjonen var arealbruk og terrenginngrep, og NVE konstaterte at det ikkje er teke ut massar i strid med løyva for Okla vindkraftverk. Rapporten frå inspeksjonen er lagt ved.

#### **Spørsmål om verdi som er sett på myr**

Statsforvaltaren i Vestland stiller spørsmål om det er lagt til grunn riktig verdi av myra i sakshandsaminga av Okla vindkraftverk. NVE har lagt til grunn dei utgreiingane som ligg føre i saka som del av kunnskapsgrunnlaget. Dette inneber at oppdatert kunnskap som kjem inn i sakene i dei ulike trinna av sakshandsaminga vert vurderte.

#### **Spørsmål om gyldigheit, bortfall og å trekke tilbake konsesjon**

##### *Gyldigheit og spørsmål om bortfall*

Det er gitt konsesjon til Okla vindkraftverk, og NVE viser til OED si vurdering 07.10.2020 av spørsmålet om konsesjonen er gyldig. NVE legg til grunn at Okla vindkraftverk har ein gyldig konsesjon og at han fell bort først etter utløpet av konsesjonstida.

##### *Trekke tilbake konsesjon*

I energilova § 10-2, første ledd er det bestemt at:

«*Departementet eller reguleringsmyndigheten kan trekke tilbake en konsesjon eller annen tillatelse dersom rettighetshaveren har gitt uriktige eller ufullstendige opplysninger om forhold av vesentlig betydning for vedtaket.*»

NVE viser til at det er høg terskel for å trekke tilbake konsesjon etter energilova § 10-2, første ledd. Kravet om vesentlegheit er sett av omsyn til dei alvorlege konsekvensane ei tilbaketrekkning kan få for konsesjonären og andre som har innretta seg etter vedtaket.



Stad Landskap har med tilvising til framdrifta i anleggsarbeidet bedt NVE vurdere om konsesjonen skal trekkast tilbake. NVE kan ikke sjå at det føreligg forhold ved framdrifta som tilseier at konsesjonen kan trekkast tilbake etter energilova § 10-2 første ledd.

Rydgren med fleire skriv blant anna at NVE «*ikke har implementert kunnskapen om myrenes karbontettethet i konsesjonsbehandlingen av vindkraftverket*». Rydgren med fleire meiner konsesjonen bør trekkast tilbake.

NVE meiner konsesjonen ikke er gitt på uriktige opplysningar av vesentleg betydning. NVE meiner og at kunnskapsgrunnlaget ikke var ufullstendig på konsesjonstidspunktet. NVE viser til at omsynet til myr for Okla vindkraftverk var vurdert i vedtaka frå NVE og OED.

Karbontettleiken i myrane var ikke særskilt utgreidd i forkant av vedtaka om konsesjon frå NVE og OED. NVE viser til at kunnskapen om utslepp og karbontettleik i myr har endra seg dei siste åra, og etter tidspunkta for vedtak. Vi viser til OED sin gjennomgang av dette i deira vedtak datert 24.03.2020 for Andmyran vindkraftverk. At kunnskapen endrar seg, eller at det kjem inn ny kunnskap etter tidspunktet for vedtak, gir etter NVE si vurdering ikke i seg sjølv tilstrekkeleg grunn til å trekke tilbake konsesjonen.

Dette brevet er ikke eit enkeltvedtak med rett til å klage.

Med helsing

Anne Rogstad  
fungerende direktør

Anne Johanne Kråkenes  
fungerende seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg: 1

Kopi til:

Asbjørn Moen  
Hans-Christian Hansen  
Jon Frogner  
Knut Rydgren  
Marco Asprone  
Olje- og energidepartementet  
Peter Emil Kaland  
Sissel Sjåstad  
STAD KOMMUNE  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND

